



## REFERAT - MØTE FAU 18. NOVEMBER 2022

**Dato:** 18.1.22

**Stad:** Teams

**Innkalla:** FAU-representantar og rektor

**Til stades:** Ingvild Midttun Kjos, Monika Reime, Inger Johanne Lomheim, Tomas Kjørlaug, Linda K. Brunborg, Anne Therese Moen, Tonje Været, Ann Kristin Torgersen, Kurt Norheim og Hilde Holte Selland

**Ikkje til stades:** Øyvind Oksnes

### **SAK**

17/21-22: Gjennomgang av referat frå førre FAU-møte.

Ingen innspel. Referat ok.

18/21-22: Trafikktryggleik på skulevegen

a) Tilskot til Trafikktryggingsaktivitetar.

Planlegg søknad til 1.september 2022.

Diskuterte litt status. Rektor er i dialog med styrar i barnehage ang droppsone, trafikktrygging etc. Solveig, styrar i Hafslo barnehage, skal lage eit skriv slik at informasjon ut til foreldre/føresette vert lik. Rektor vil dele denne informasjon via Visma Flyt når den er klar. FAU bestemte at søknad til trafikktryggingsaktivitetar vert jobba meir med ut over våren.

b) Undersøking:

Oppfylging etter gjennomført undersøking.

Utkast til skriv er laga med bakgrunn i tidlegare mottatte innspel, samt undersøking og diskusjonar i førre møte.

Alle FAU representantar har lest gjennom brevet. Anne T. Moen informerte status. Det er eit godt oppsummert brev. Det var ingen innvendingar/kommentarar frå dei andre FAU-medlemmane. Brevet er ikkje sendt vidare pr. no.

Vedtak FAU: FAU tek brevet med som sak i neste SU-møte, før ein sende det vidare.

19/21-22: Orienteringssaker



a) Orienteringar frå rektor.

- Skulen er på gult nivå. Uvist kor lenge dette vil vare. Skulen v/rektor har dialog med smittevernlegen i Luster kommune. Smittetrykket vil avgjera kor lenge gult nivå vil vare.
- Prosjekt naust og uteområde ved vatnet: Bygningsmassen er ferdig. Innreiing blir utført til våren. Uteområdet vert ferdigstilla til våren (rampe ut i vatnet, asfaltering og utjamning av område rundt m.m.)
- Arbeidet i forhold til husmorbygget går sin gang. Rektor har meldt inn ynskje om fleire rom, helst på bakkenivå til bl.a. til meir yrkesretta fag/prosjekt. Rektor har meldt inn behov for garderobe til tilsette. Det er laga eit utkast til køyremønster for levering/henting av barn ved den ny barnehagen. Planen viser færre parkeringsplassar for tilsette enn det er i dag. Det vert sett på andre alternativ for parkering i sentrumsområdet.
- Elevundersøking: Tilsette i aktuelle klassetrinn nytta informasjonen som kom fram i undersøkinga og vil jobbar vidare med dette.
- Studentar i praksis: Lærarstudentar vil kome i praksis frå no og utover i fleire klassar. Barnehagelærarar vil kome i praksis på slutten av skuleåret. Det er også utplassering av elev ved ungdomsarbeid.
- Aktive fredsreiser: klassetur haust 2022 blir i Norge gjennom aktive fredsreiser

b) Orienteringar frå andre.

Ungdomsbase (Thomas Kjørlaug informerte): Arbeida for ungdomsbase saman med idrettslaget og 4H. Arbeidet pågår.

20/21-22: Julefest 2021

Evaluering: Det var ulik praksis i forhold til organisering av noko felles underhaldning/servering i eigne klasserom etter felles underhaldning. Tilbakemelding til foreldre/rektor om at ein var nøgd med at ein delte småskulen og mellomtrinnet på to ulike kveldar. Det er kome positive tilbakemeldingar på at besteforeldre fekk delta på generalprøven på dagtid.

Vedtak FAU: Ein skal fortsetja å dela klassetrinna 1-4 og 5-7 kvar for seg på to ulike kveldar. Alle klassar skal arrangera klassevis servering i klasserommet etter fellesunderhaldninga.

21/21-22: Elevkveldar, ref førre møte, er det nok med elevbedifta sine elevkveldar, eller skal kvar klasse/klassekontaktar arrangere slik som før pandemien?

Rektor informerte: Det blir arrangert diskotek for ungdomsskuleelevar (Arrangør: elevbedrift Hafslo Disco).

10. klasse ynskjer å arrangera nyttårsballet. Ein prøver å utsetta dette litt i håp om at ein kan få gjennomført dette på grønt nivå.



FAU tek saka opp att seinare, når smittetalla for covid-19 er lågare og ein kan gjennomføra aktivitetar på tvers av klassane.

22/21-22: Årshjul for FAU og klassekontaktar.

I dag er det ein del gjeremål for både Fau og klassekontaktar iløpet av skuleåret, nokre er datofesta i diverse dokumenter, slik som håndbok og vedtekter, andre er ikkje så tidsfaste, nokre går truleg «på tradisjon». Foreslår derfor å laga eit enkelt årshjul-oppsett på dette, med referanse til kvar ein finn utfyllande info. (Døme: til neste møte bør me sende ut påminning om frist for innsending av saker til årsmøte, val etc.)

Dette vart diskutert i FAU. Alle var positive til at det vert laga eit årshjul.

Linda Brunborg og Tonje Værret tek på seg ansvaret med å lage eit forslag til årshjul til neste FAU-møte (22.mars).

23/21-22: Ymse.

- Desember månad er det fleire aktivitetar på skulen der elevar skal ha med seg utstyr/klede heimanfrå. Dette kan verta gløymt i ein hektisk kvardag. Forslag (frå Linda K. Brunborg): skal ein ha liggande ekstra luciakjolar, pepparkakeformer og evt. andre ting som vert nytta fast i desember månad til gjengeleg på skulen for dei som har gløymt? Rektor: dette kan vi få til.
- Info frå Thomas Kjørlaug: Tangs Legat har gjeve 5000 kr til ungdomsbasen. Inntil ein får eigen konto til dette føremålet, vil pengane bli ståande på skolemiljø-kontoen. Håpar å få til ein eigen konto til ungdomsbasen på sikt.

Neste møte: 22.mars 2022

Referent: Inger Johanne Lomheim